

Fra: Vik, Kari Weltzien (kwvi@kvam.kommune.no)

Sendt: 13.05.2016 12:30:59

Til: Marte Hagen Eriksrud

Kopi:

Emne: Innspel frå Kvam herad til Nasjonal Transportplan 2018- 2029

Vedlegg:

Hordaland Fylkeskommune V/ Marte Eriksrud

Vår ref.

16/1090-4/N - 700/KAWV

Dykkar ref.

Dato:

13.05.2016

Innspel frå Kvam herad til Nasjonal Transportplan 2018- 2029

Kvam heradsstyre har i sak 059/16 gjort vedtak om følgjande høyringsinnspel til Nasjonal Transportplan 2018-2029:

1. I aust-vestutgreiinga foreslår Vegvesenet at det blir gjennomført ein KVVU for arm til Bergen (frå E134). Denne er så langt ikkje bestilt av regjeringa og ein avventar konklusjonen på KVVU Gol-Voss. Vi vil peike på at det er stort behov for nedkorting av reisetida mellom E134 + store delar av Hardanger og Bergen, heilt uavhengig av konklusjonen for RV7/RV52. Vi forventar nå at det blir gjennomført KVVU for arm til Bergen for å avklare den langsiktige strategien for utbygging.
2. Fv7 må, som omkøyringsveg, vera ein del av utbygging av E16 Arna-Voss, og omklassifisert til riksveg. Vegen må verta sikra og oppgradert til «gul stripe».
3. Drift og vedlikehald av fylkesvegar er i dag underfinansiert. I NTP 2018-2029 må dette rettast opp.
4. Endring i miljø og klima har auka faren for skred, og vegane i Hordaland er spesielt utsette. Kvam herad ber om at det i endeleg framlegg til NTP 2018-2029 vert lagt til grunn høgste ramme for midlar til skredsikring.
5. Driftskostnadene for drift av dagens ferjestrekningar har av fleire grunnar auka vesentleg meir enn disponible midlar. Dette går ut over kvalitet og kapasitet. Kvam herad ber om at midlar til drift av ferjer vert auka i takt med auka behov og med god kvalitet

Helsing

Kari Weltzien Vik

Administrativ rådgjevar

Telefon: 56553022

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

ArkivReferanse:#25479af7444e49a6935962a5449a498d2016001090#ACOS.WEBSAK#